



Arkivnr: 2015/12709-10

Saksbehandlar: Pål Andre Kleive

Saksframlegg

Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.05.2019
Fylkestinget		12.06.2019

Godkjenning av prosjektrekneskap

Samandrag

Fylkestinget vedtok i 2018 nye retningsliner når det gjeld handsaming av prosjektrekneskap:

Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

Det vart også vedteke å halde fram med den gjeldande prosedyren frå rekneskapsavslutting til godkjent prosjektrekneskap.

Uttalen frå kontrollutvalet ligg ved denne saka som omhandlar prosjektrekneskap for:

Prosjekt 6016 Knarvik vidaregåande skule. Prosjektkostnad 146 950 699 kr, meirforbruk i høve til løyving 6 338 699 kr eller -4,5 %.

Prosjekt 6023 Kvinnherad vidaregåande skule. Prosjektkostnad 135 788 790 kr, mindreforbruk i høve til løyving 411 210 kr eller 0,3 %.

Prosjekt 7004 og 7006 Fylkeshuset. Prosjektkostnad 66 500 000 kr, mindreforbruk i høve til løyving 9 702 313 kr eller 14,6 %.

Prosjektrekneskapa vart handsama i kontrollutvalet 11.02.2019. Uttale frå kontrollutvalet for prosjekta er vedlagt saka, og er også vist til i teksten under. I forkant av handsaminga i kontrollutvalet har Deloitte, gjennom revisjonsmeldingar, stadfesta at prosjektrekneskapane gjev eit rettvisande bilet av prosjektet, og at dei er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Fylkesrådmannen tilrår at dei framlagte prosjektrekneskapa vert godkjend.

Økonomi: Ingen verknad

Klima: Ingen verknad

Folkehelse: Ingen verknad

Regional planstrategi: Ingen verknad

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapa for prosjekta Knarvik vidaregåande skule, Kvinnherad vidaregåande skule og Fylkeshuset

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Uttale kontrollutvalet
- 2 Fylkeshuset rekneskapsavslutting
- 3 Fylkeshuset rekneskapsavslutting
- 4 Fylkeshuset revisors beretning
- 5 Knarvik vgs rekneskapsavslutting
- 6 Knarvik vgs rekneskapsavslutting
- 7 Knarvik vgs revisors beretning
- 8 Kvinnherad vgs rekneskapsavslutting
- 9 Kvinnherad vgs rekneskapsavslutting
- 10 Kvinnherad vgs revisors beretning

Fylkesrådmannen, 22.05.2019

Bakgrunn

Fylkestinget vedtok slike nye retningsliner i møte 12.06.2018 når det gjeld handsaming av prosjektrekneskapar:

1. *Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*
2. *Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*

I saksutgreiinga til denne saka går det m.a. fram dette:

«Den gjeldande prosedyren frå rekneskapsavslutting til godkjent prosjektrekneskap foreslår fylkesrådmannen å halde fram med. Det medfører at avslutta rekneskap vert revidert før det vert handsama i kontrollutvalet. Fylkesrådmannen utarbeider deretter sak til det organet som har fastsett budsjettet for endeleg godkjenning av prosjektrekneskapet.»

Sak og uttale frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapar leggjast ved sak frå fylkesrådmannen. Sekretariatet har motteke revisjonsuttale frå Deloitte på dei avslutta prosjektrekneskapar:

Prosjekt 6016 Knarvik vidaregåande skule
 Prosjekt 6023 Kvinnherad vidaregåande skule
 7004 og 7006 Fylkeshuset

Deloitte har stadfesta at prosjektrekneskapar gjev eit rettvisande bilet av prosjektet, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Ei oversikt over prosjekta er sett opp under.

Prosjektrekneskap

Prosjektnr	Eining	Prosjektføremål	Løyvingar	Rekneskap	Avvik	Avvik %
6016	Knarvik vgs	Tilbygg	kr 140 612 000	kr 146 950 699	-kr 6 338 699	-4,5 %
6023	Kvinnherad vgs	Tilbygg	kr 136 200 000	kr 135 788 790	kr 411 210	0,3 %
7004 og 7006	Fylkeshuset	Ombygging/opprusting	kr 66 500 000	kr 56 797 687	kr 9 702 313	14,6 %

For prosjekta Kvinnherad vgs og Fylkeshuset, som oversikta syner, er det eit mindreforbruk. For prosjektet Knarvik er det eit meirforbruk.

Prosjekt 6016 Knarvik vgs har eit meirforbruk på 6 338 699 kr eller 4,5 %. Dette kjem som ein konsekvens av at prosjektet er meir omfattande enn opphaveleg lagt til grunn når prosjektet vart kalkulert. Romprogrammet er endra frå kalkyletidspunktet og det er til dømes teke omsyn til universell utforming. Det er også verd å merke seg at entrepriserkostnaden har auka vesentleg etter at prosjektet vart kalkulert og det vert meldt om høg byggeaktivitet og liten konkurranse i marknaden.

Prosjekt 6023 Kvinnherad vgs syner eit mindreforbruk på 411 210 kr eller 0,3 %.

For prosjekta for Fylkeshuset er det eit mindreforbruk på 9 702 313 eller 14,6 %. Mindreforbruket skuldast avvik i framdrift i planlagt rehabilitering av fylkeshuset og at ein heile tida har gjort vurderingar av behov opp mot no planlagt riving av bygget.

Kontrollutvalet

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale merkar seg at det for alle desse prosjekta viser seg at ein har store avvik i høve opphavleg kostnadsramme og dette skuldast stor auke i byggekostnadene fram til tilbod

var innhenta. og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok. Dette har kontrollutvalet også kommentert ved flere høve i samband med tidlegare prosjektrekneskap.

Vidare tilrår sekretariatet at kontrollutvalet merkar seg at det for alle desse prosjekta har teke lang tid frå byggeprosjektet var ferdig og fram til prosjektrekneskap er avgjort. For 2 av dei har det teke omlag 10 år. Det kan difor vera grunn til å stille spørsmål ved om prosjektrekneskapane burde vore avgjort tidlegare. Dette har utvalet også kommentert ved tidlegare prosjektrekneskapar.

Kontrollutvalet bør tilrå at fylkesrådmannen vurderer om rutinane på desse områda er gode og dekkande nok. Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Kontrollutvalet 11.02.2019 – sak PS 4/19 - vedtok føljande framlegg til uttale samrøystes;

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har igjen merka seg at alle prosjekta har store avvik i høve opphavleg kostnadsramme og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
3. Vidare har utvalet merka seg at det for alle desse prosjekta har teke lang tid frå byggeprosjektet var ferdig og fram til prosjektrekneskap er avgjort. For 2 av dei har det teke omlag 10 år. Det kan difor vera grunn til å stille spørsmål ved om prosjektrekneskapane burde vore avgjort tidlegare.

Avslutting av rekneskapane

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapa vert godkjende.

Fylkesrådmannen viser til oppfølging av vedtak i fylkestinget av 10.03.15, sak 6/15, Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring, der det vart sett i verk handlingsplan for prosjektstyring. Dette inneber at budsjett og kalkyleprosessen er betra og at den løpende økonomioppfølginga er endra i høve det som var gjeldande på løyvingstidspunktet for desse prosjekta.

Fylkesrådmannen er elles samd i kontrollutvalet sin merknad om at det har teke for lang tid før desse prosjektrekneskapa vart lagde fram for godkjenning.